

Trekkspelfestival tilbake etter koronapause

NordAccordion vart ikkje arrangert i fjor grunna korona, men i sommar vert det festival frå 4. til 9. august. Arrangør og akkordeonist Geir Draugsvoll, gler seg.

► **Sunniva Mundal Haug**
smh@avisa-hordaland.no

Då pandemien herja hardest i fjor, vart det klart for Geir Draugsvoll at festivalen måtte avlysast. Men i år skal den verta arrangert.

– Me er kjempeglade for at me i år får arrangera festival igjen. Me kjem til å driva smittevern på alle moglege måtar, og me har valt å halda oss mest til lokale og norske artistar, fordi det er vanskeleg å invitera folk frå utlandet, seier Draugsvoll.

Ein direkteendt konsert

Ut av dei seks konsertane som skal spelast i løpet av festivalen, er det berre ein som skal bli

direktesendt på nettet. Det vert hovudkonserten med Hanzhi Wang og Claudio Jacomucci, som skal direkteendast på kvelden 5. august.

– Me satsar på at me kjem tilbake med full pakke i 2022, med konsertar utan restriksjonar. Det er ei utfordring å ha festival i pandemien, men me har vore klare på at alt skal gjerast heilt sikkert. Men me gler oss til ein normal festival igjen, seier Draugsvoll.

Alltid skøy å høyra Jo Asgeir

Medan Ida Løvlie Hidle er festivalkoordinator og står for det praktiske, er Draugsvoll den som står for det kunstnariske. Sjølv skal han ikkje spela i år, gler han seg til konsertane. Han gler seg mest til opningskonserten med Jo Asgeir Lie og Carl Petter Opsahl i Osasalen, og Stian Carstensen på Café Stationen.

– Det er alltid skøy å høyra Jo Asgeir. Opningskonserten plar

alltid vera spesiell for meg. Så må eg seia at Stian er kjempekjekk å få med seg.

Opningskonserten skjer 4. august, og konserten med Stian Carstensen går 6. august. Elles vert det ein konsert hjå Voss Sparebank torsdag 5. august, og det vert lunsjkonsert med Storm Duo på Stalheim hotell laurdag 7. august.

Nasjonalromantisk musikk

– Det er ein fantastisk plass å spela nasjonalromantisk musikk. Eg har sjølv gjort det og vorte inspirert av utsikta. Det vert heilt sikkert ein kjempefin ettermiddag, og jentene er kjempeflinke begge to, seier Draugsvoll.

Hovudmålet med festivalen er å ha eit sommarseminar for unge akkordeonistar. Då plar Draugsvoll læra vekk nordisk akkordeon. På avslutningskonserten, som går 9. august, skal studentane få spela og visa kva dei har lært.



OPNINGSKONSERT: Jo Asgeir Lie og Carl Petter Opsahl skal spela på opningskonserten i Osasalen. Biletet er frå arkivet. FOTO: KNUT MARKHUS

– Me har plass, men det er viktig at folk bestiller plassar for å vera på den sikre sida, seier han.

Ein kan fylgja med på pro-

grammet på nettsida til NordAccordion, og der vert det òg oppdatert om det oppstår endringar.

Berit Opheim syng liv i gløymde lokale folketonar

Dei to siste åra har Berit Opheim hatt eit omfattande prosjekt på gang med å samla inn gløymde lokale folkesongar frå Voss. Ho skal syngja religiøse folketonar i Vangskyrkja som ikkje har vorte sungne der på omlag 100 år.

► **Sunniva Mundal Haug**
smh@avisa-hordaland.no

I sommar vert det heldt gratis-konsertar nesten kvar onsdag i Vangskyrkja, og 4. august er det Berit Opheim sin tur til å syngja saman med Sigbjørn Apeland på orgel. Dei skal fylla kyrkja med gamle, gløymde folketonar.

I omlag 30 år har Berit jobba med å samla inn og få oversikt over folketonar frå Voss. Dei siste to åra har ho gått grundigare til verks for å finna alt ho kan, og det har vore eit krevjande, men lidenskapeleg prosjekt.

– Det er eit omfattande prosjekt som vil vara ei stund. Det tek si tid, seier ho.

Dokumentarisk utgjeving

Målet hennar er å samla inn alt som finst av folketonar frå Voss. Ho har funne tekstane både fysisk og digitalt, og har funne mange lydopptak. Planen hennar er at det skal verta ei dokumentarisk utgjeving.

– Det vil seia at eg bruker noko arkivopptak, men ikkje alt har god kvalitet. Det som har god kvalitet skal eg be om å få frigjort, slik at det vert ein eigen CD med arkivopptak. Eg har sunge inn omlag 120 son-

gar så langt, og mange fleire blir det etterkvart på fleire CD-ar.

I tillegg til fleire CD-ar, skal det òg koma ei bok der alle songtekstane skal stå.

– I tillegg vert det ein artikkel om folkesongen på Voss og om kyrkjesongarar, dei som leia songen før orgelet kom. Så skal Angun Sønnesyn Olsen skriva om innsamlaren Olav Sande, forklarar Berit.

Gløymde tonar frå 100 år tilbake

Sønnesyn Olsen tipsa Berit i fjor sommar om ei samling med notenedskrifter på Nasjonalbiblioteket i Oslo. Dei låg igjen etter Olav Sande, som samla folketonar i Noreg og spesielt på Vestlandet for hundre år sidan. Hundre år etterpå, tek Berit opp tråden.

Det er desse folketonane Berit skal syngja i Vangskyrkja.

– Desse samletonane har ikkje vore brukte på nærare hundre år. Det er stas å få liv i dei igjen, og at folk får høyra dei og forhåpentlegvis får interesse for dei.

Berit skal òg spela inn ei plate saman med Sigbjørn Apeland på orgel. Plata skal ha 15 salmar.

– Me gav ut ei plate i 2008 som heiter Den blide sol, så dette er ein oppfylgjar 13 år



SKATTEJAKT: Berit Opheim tykkjer prosjektet har vore ein skattejakt, og håpar at det kan verta eit slags oppslagsverk folk vil bruka. FOTO: SUNNIVA MUNDAL HAUG

etterpå. Dette vert med berre salmar og religiøse folketonar som kjem frå Voss.

Ho gler seg veldig til å kunna stå i Vangskyrkja og syngja folketonane.

– Det er eit spesielt og vakkert melodimateriale, nokre av dei er fantastisk fine. Det er ei stor glede og eit privilegium å få lov til å formidla dei, seier Berit.

Skattejakt

No har ho samla inn om lag

400 folketonar til saman. Det er mykje tekst ho må skriva, men ho håpar på å verta ferdig med prosjektet til neste sommar, slik at ho kan gje ut CD-boka hausten 2022.

Sjølv om det er eit omfattande arbeid, synest Berit det har vore ei stor glede, og ser på det heile som ein skattejakt.

– Eg byrja jo eigentleg i 1988 med dette. Av nyfikne og kjærleik for musikken og den lokale musikkhistoria. Dette er vår

lydhistorie. Instrumentalmusikk, slåttemusikk og spelmenn veit me mykje om. Me har visst mykje mindre om vokalmusikken.

Ho håpar at prosjektet kan verta eit oppslagsverk, som alle folk frå lærarar til songarar kan bruka i ulike samanhengar.

– Det må leva vidare, seier Berit.